



REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM

Dato: Torsdag 23.04.2020 kl 11.00 - 12.00

Møtestad: Nettmøte

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 06/20 Orientering frå Team Hardanger v/leiar.

Orientering frå Jan Tjosås, leiar Team Hardanger(TH)

Hardanger og Voss er sterkt ramma, spesielt reiselivet. Pakkane frå staten høver ikkje heilt. Handel er sterkt ramma.

Industrien er ikkje ramma endå, men det kan koma til hausten

Næringshagane har gjennomført ei spørjeundersøking, og TH har sendt ut ei pressemelding utifrå svara frå den. (LEgg som vedlegg til referat)

Næringslivet ber kommunane ikkje stoppa å bruka pengar, sjølv om dei også er hardt ramma. Næringsfond har dei fleste kommunar, men dei er ikkje store nok til å redde alt, men kan vera stimuleringsmidlar saman med andre midlar.

I fyrste omgang vil ein forhalda seg til midlar frå staten. Må be næringslivet om ikkje å gje opp, men be om hjelp. Næringshagane tilbyr gratis rettleiingsteneste, betalt av kommunane, og alle rekneskapskontora er også viktige hjelparar.

Smitteregjar er sentral for alle, og me burde kanskje tilrettelegga for kurs.

Viktig funksjon å melda til sentrale myndigheiter kva behov som er i våre områder, f.eks dette med sesongbedrifter og skianlegga

TH ønskjer tilbakemelding frå kommunane kva de føler behovet er.

Ellers så er TH møtene viktig møteplass både til inspirasjon og me lærer av kvarandre.

RF-sak 07/20 Orientering frå kvar rådmann vedr. status og tiltak i kvar kommune/herad

Smittehandtering vert viktig. Men er det nok av utstyr til å handtera det. F.eks handsprit og reingjeringsmiddel.

Ullensvang kommune

Dei har via industrien fått tak i etanol, og har laga sitt eige vaskemiddel.

Har gode smittevernsplanar og arbeider med dei som no opnar sine anlegg igjen.

Fyrst ut er skisenteret i Håradalen, og 1.mai opnar Folgefonna skisenter.

Pga opning i vår kommune og ikkje i Voss, har dei fått henvendelsar frå Myrkdalen, og har delt alle sine planar og reglar for opninga

Industrien ellers er ikkje berørt endå, og har pr no gode dagar. Spenninga ligg i framtida.

Nokon av dei mindre i industrien har litt permitteringar, men ikkje hardt råka idag.

Når alle dei som måtte stenga no skal ut i arbeid igjen, så er det ikkje veldig mange permitterte igjen.

Ullensvang har heller ingen positive korona tilfeller, eller hatt. For å halda på den statistikken er det veldig viktig at ein fortsett held på alle smitteverntiltak.

Kvam fryktar også desse smitte lommene, som kan oppstå, samtidig er det er vanskeleg å halda igjen no.

Ullensvang kommune har fått innspel frå campingplasser om lokal regel å halda alle offentlege og felles toalett anlegg stengde, medan dei har opna opp i Ulvik, Voss og Eidfjord med strenge smittevernsreglar.

Kvam held på regel om stengde toalettanlegg, men har opna for tømestasjonar.

Ullensvang skal ha nytt møte i morgon, og må ta denne vurderinga om toalettanlegg på nytt. Det er litt vanskeleg når kommunane kan laga og lagar ulike reglar.

Lokale matvarebutikkar har opplevd dårlege smittevernoppførsel frå besøkande, det viser at me må heile tida minna om dei strenge smittevernsreglane alle må gjera.

Når det gjeld hotell, så er mange heilt stengte endå, har berre vore nokon opne for arbeidrarar. Mykje stengt, nokon har hatt ope for arbeidrarar. Nokon opnar i juni for norske turistar. Her er stor usikkerheit endå.

Ulvik: Arbeider de no med kva konkrete tiltak som må gjerast for å koma igang. Dei skal tilsetja ein person i ei kortsiktig prosjektstilling for å hjelpa næringslivet med å søkja midlar for å koma igang att. Har også lyst ut ein fotokonkurranse med aktivitet. Skal tilsetja ny næringsjef, som også skal ha ansvar for reiselivet. Turistkontoret vert bemanna med sesonghjelp

Eidfjord: Tilbyr næringsdrivande hjelp til å søkja midlar eller anna rettleiing, og kjøper blandt anna teneste får Næringsshagen i Hardanger. Trur framtida vil vera endra, og det vil råka hardt ei lang stund. Samstundes må produkta retta seg mot norske turistar, og at det krev endring i produkta. Dei skal sjølv sagt også bruka næringsfond for å koma gjennom denne tida.

Ullensvang: Arbeider med pakkøløysingar for næringslivet. Det er ulike meldingar kva politikarane ønskjer å gjera, og kommunen er ikkje klare med tiltak endå. Føreslår f. eks for politikarane at næringa ikkje skal betala skjenkegebyr i 2020. Kommunen har høgt trykk på å levera byggesaker og reguleringsplanar for at aktivitet kjem igang. Dei har klart å levera, og næringslivet er fornøgd. Notat for handtering framover er delt med alle. Kommunen kan ikkje redde butikkane, det er det kundane som må gjera. Men kan kommunen ha eit utviklingsprosjekt for handelsnæringa, for å møte framtidige kundar og behov.

Kvam: Sjølv om mykje opnar opp no, så vil det ta tid, og me må vera forsiktige lenge, manger er permiterte og brukar mindre pengar, og valuta kan gjera varer betydeleg dyrare.

Informasjon frå Jostein:

Telefon frå Jon Askeland i dag, med spørsmål frå Norled om å utsetja oppstart av båtruta på Hardangerfjorden. Har fått aksept frå alle ordførarane og meldt det tilbake.

Telefon frå Liv Kari Hesjedal på Stortinget, som ber innspel på pakkane frå regjeringa. Treff dei godt i regionen vår, om ikkje kva trengs?

Tilbakemelding er gjeve. Spesielt at sesongbedrifter er hardt råka, og dårleg dekkja av pakkane frå staten. Og det er spelt inn, kor sårbar storindustrien kan verta og dei store konsekvensar som kan koma på sikt.

Det er eit inntrykk i desse tider at stortingspolitikarane er veldig lydhøyre på tilbakemeldingar frå samfunnet.

BEREDSKAPARBEID

Kvam: Er i ferd med å trappa det ned den ekstra beredskapen for denne gongen, for det roar seg, og dei treng å jobba med vanleg kvardag. Har hatt 2 møter i veka i KKL, men vurderar om kanskje det no held med 1 møte i veka.

Økonomien er også utfordrande. Kraftmarknaden er dårleg

Ullensvang: Har to møter i veka i kriseteamet, og kjem til å halda på det til ein ser korleis det går med skuleopning. Har hatt lokal produksjon av smittevernutstyr, noko godt. Har kontroll på økonomien. Kraftmarknaden er under kontroll. Skatte og avgifter blir sterkt redusert.

Eidfjord: Kjem til å fortsetja med eit møte i kriseteamet kvar veke intil vidare. Er også spente på utvikling, no når samfunnet vert opna opp igjen. Kraftprisane er ei utfordring, men noko etterbetaling veg opp.

Ulvik: Har hatt ein del meirforbruk, spesielt på helse. På kort sikt ikkje bekymra, men om dette skal vedvara kan det få store konsekvensar.

Det positive er veldig effektive møter.

“Teams” 23.04.2020

Anita Hesthamar/s
Leiar i Rådmannsforum

Jostein Eitrheim
Sekretær